



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Venla Arponen Snilstveit	Arkivkode: FE-113
Arkivsaksnr: 20/810	Løpenr: 22/5345
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Ungdomsrådet	18.08.2022	011/2022
Eldrerådet	25.08.2022	007/2022
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	06.09.2022	003/2022
Formannskapet	01.09.2022	036/2022
Kommunestyret	15.09.2022	045/2022

Handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Endringsframlegg til tiltak 11 i Handlingsplanen frå Krf, foreslått av Gunn Totland Moss, Kristeleg Folkeparti

Tiltak 11:

Samarbeid: Erstatte det som står med: Eit tverrfagleg samarbeid mellom fagpersonar innan psykisk helse og inkludering (helsesjukepleiar, psykolog, psykiatritenesta, legar, m.fl).

Gjennomføring: Ta bort « Kommunen vil i samarbeid med FRI arrangere kompetanseheving for dei tilsette» og heile siste avsnitt « ein vil og førebyggja.....»

Sak45/2022, foreslått av Arild Røen, Høgre

Handlingsplanfor førebygging av sjølvskading og sjølv mord vert vedteken slik han ligg føre

Endringframlegg, punkt 11 i planen, foreslått av Monica Tjønnna, Senterpartiet

"Kommunen vil i samarbeide med FRI arrangere kompetanseheving for tilsette."

Setninga vert erstatta med følgande:

"Kommunen vil arrangere kompetanseheving for dei tilsette."

Sp, monica

nytt framlegg, inkl endring i pnkt 11, foreslått av Monica Tjønnna, Senterpartiet

Planen vert vedteke slik han føreligg med følgande endring:

"Kommunen vil i samarbeide med FRI arrangere kompetanseheving for tilsette."

Setninga vert erstatta med følgende:
"Kommunen vil arrangere kompetanseheving for dei tilsette."

monica og arild

Handsaming:

Innleiingsvis orienterte kommunepsykolog Venla Arponen Snilstveit om punkt 11 i planframlegget, på bakgrunn av bestilling frå formannskapet 01.09.2022.

Gunn Totland Moss (KrF) sette fram endringsframlegg til tiltak 11 i handlingsplanen.

Arild Røen (H) sette fram framlegg til vedtak.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram endringsframlegg til tiltak 11 i handlingsplanen.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå og Arild Røen fram eit felles framlegg til vedtak. Dei trekte samstundes framlegga dei hadde sett fram tidlegare under handsaminga av saka.

I røystinga i saka vart endringsframlegget til Gunn Totland Moss sett opp mot fellesframlegget til Monica Tjønnå og Arild Røen. Fellesframlegget til Monica Tjønnå og Arild Røen fekk 19 røyster og vart vedteke. Framlegget til Gunn Totland Moss fekk 1 røyst (Gunn Totland Moss).

KS- 045/2022 Vedtak:

Planen vert vedteken slik han føreligg med følgende endring:

Setninga "Kommunen vil i samarbeid med FRI arrangere kompetanseheving for tilsette" vert erstatta med følgende: "Kommunen vil arrangere kompetanseheving for dei tilsette".

01.09.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande diskusjonen i formannskapet, sette Knut Harald Frøland (Bl) fram framlegg om å senda saka over til kommunestyret utan tilråding, og at formannskapet ber om at kommunestyret får ei eiga orientering om tiltak 11 i planframlegget. Framlegget vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Martin Haugen (Bl) røysta imot.

FORM- 036/2022 Vedtak:

Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding. Formannskapet ber om at kommunestyret får ei eiga orientering om tiltak 11 i planframlegget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek Handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord. Tiltak i handlingsplanen vert innarbeidd i økonomiplan.

Dokument som er vedlagt:

Handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord.

Dokument som er vedlagt:

Forslag til handlingsplan for forebygging av sjølvskading og sjølv mord

Kva saka gjeld:

Jf vedtak i kommunestyret 03.12.2020 i kommunestyre sak 077/2020

Det er no utarbeida ein Handlingsplan for førebygging av sjølv mord og sjølvskading for Samnanger kommune.

Oppsummering

Handlingsplanen har ein teoridel med status og samfunnsbilde, faktorar som kan auka sjølv mordsfarar, fokusgrupper vidare ser den på kva finnes og kva manglar. Planen tar for seg tiltak i alle aldersgrupper og har fokus på å heva kompetansen på avdekking av sjølvskadings- og sjølv mords- åtferd og sette inn innsats førebyggande, med 12 tiltakskort:

1. *Etablere ei ressursgruppe i kommunen*
2. *Kompetanseheving*
3. *Prosedyre for arbeid med sorg/kriser*
4. *Tiltak i barnehagar*
5. *Tiltak i barneskule og ungdomsskule*
6. *Sikra god psykisk helsehjelp tilbod i kommunen*
7. *Overgang frå spesialisthelsetenesta til kommunen*
8. *Ivaretaking av pasientar og pårørande etter sjølv mordsforsøk og sjølv mord*
9. *Kriseplan til personer med utviklingshemming og kjent psykisk sjukdom*
10. *Identifisera sjølv mordsrisiko hos eldre*
11. *Skapa eit trygt og inkluderande samfunn for LHBTQIA+ personar*
12. *Motverka einsemd og skape møteplassar.*

Bakgrunn for saka

Kommunen har eit ansvar for å førebyggja, avdekkja, avverja, behandla og følgja opp sjølvskading og sjølv mordsforsøk, dette inngår i kommunens sørge-for ansvar (Helse og omsorgstenesteloven, 2011, § 3-1) Helsedirektoratet anbefalar at kommunen utarbeidar ein eigen kommunal handlingsplan for førebygging av sjølv mord og sjølvskading (Helsedirektoratet, 2017).

Uttalar frå andre råd, utval eller instansar

Prosjektgruppa som har utarbeidd planen har vore tverrfaglege og bestått av personar frå ulike einingar i kommunen. Det har komen innspel til planen frå fleire tenester i og utanfor kommunen, samt frivillige organisasjonar på innspelsseminar og undervegs i prosessen.

Handlingsplanen har vore ute på høyring til leiarane og ressurspersonar i oppvekst, helse og omsorg og eining for kultur, frivilligheit og folkehelse. Planen vart revidert med utgangspunkt i tilbakemeldingar frå høyringa.

Før endeleg vedtak i saka, ber ein om uttale frå:

- Ungdomsrådet
- Eldrerådet
- Rådet for personer med nedsett funksjonsevne.

Vurderingar og konsekvensar:

Tiltaka i Handlingsplanen vil medføra ein del økonomiske kostnader i form av kurs og opplæringsutgifter knytt til kompetanseheving. Både i form av kjøp av tenester frå kompetansesentre og frigjering av personell til deltaking på kurs og opplæring. Ein god del av tiltaka vil ein kunne sette i verk så snart som mogleg og innanfor årets budsjett. Ein bør nytte ein del av kurspotten til kostnader knytt til kompetanseheving. Kommunestyret har tidligare vedtatt å auke opp kurspotten. For å halde kontinuitet i tiltaka i handlingsplan bør ein innarbeide tiltak i økonomiplan.

Førebygging av sjølvskading og sjølv mord er komplisert og samansett, det er også utfordrande å måle effekt av tiltak, spesielt når datagrunnlaget er lite. Ein kan ikkje med sikkerheit seie at tiltaka i planen treff målet ein har om å førebygge sjølvskading og sjølv mord på individnivå. Tiltaka i planen er basert på kunnskap ein har om sjølvskading og sjølv mord, risikofaktorar og beskyttande faktorar, sett opp mot eksisterande tilbod i kommunen. Handlingsplanen vil kunne gjera fleire i stand til å avdekkja og følgja opp personar i risiko, den vil også kunne bidra til tverrfagleg samarbeid og bidra i utvikling av gode tenester..